

## **Innspel til rullering i 2018 av arealdelen av Lindås kommuneplanen sin arealdel.**

### **Justerering av grense mellom delplan «Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden» og hovedplan for kommuneplanen sin arealdel.**

Viktige delar av Hundvinbygda er ekskludert i planprosessen for revisjon av kommunen sin hovedplan for arealbehov og framtidig areal-forvalting fordi det ligg i «feil plan».


Bygda er no komen i den situasjonen at Hundvin bustadfelt er i ferd med å gå tom for areal, og aktuelt areal for vidare bustadbygging ligg i område der delplanen gjeld. Slik grensa er sett no hindrar den vidare utvikling av det største bustadområdet i Hundvingrenda, og difor også utvikling av Hundvinbygda i «Samfunnsdelperspektiv».

Viktige spørsmål i «Kommuneplanen sin samfunnsdel» skal no avklarast og løysast i arealplansamanheng. Hundvin byggefelt er plassert i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden (med eit heilt anna tema og føremål enn bygdeutvikling). Når eit så sentralt område for Hundvinbygda ligg i «feil plan» vil aldri bygda nå fram med sine behov og ønskje for vidare utvikling for Hundvin byggefelt og heller ikkje med behov for betre tilgang til båtplassar, naust og fritidsområde mot sjø i same område.

Hundvingrend bygdelag bed difor om at grensene mellom arealdelen sin hovedplanen - og delplanen: «Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden» vert flytta til Nordre Håvardsvikane i Lurefjorden.

Grunngjevinga er at grensa er vurdet og sett sett berre i lys av delplanen sine tema og behov og er ikkje vurdert i eit «hovedplan perspektiv og utviklings- og behovsvurderingar som ligg på dette nivået (j.f. Kommunelova og Plan- og bygningslova sine bestemmelser om medverknad i kommunale planprosesser»

### **Framlegg til ny grense mot kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden.**



Helsing Hundvin bygdelag v/ Odin Kristiansen, Leiar

